

Årsrapport 2014



Lotteri- og
stiftelsestilsynet


Vi vernar verdjar

Truverdige

Hjelpsame

Samhandlande

Årsrapport 2014



Vi har delt inn årsrapporten med fargekodar slik at du lett skal finne fram

 Lotteri- og stiftelsestilsynet

 Lotteritilsynet

 Stiftelsestilsynet



Om oss og samfunnsoppdraget vårt

Lotteri- og stiftelsestilsynet består av to fagtilsyn med felles administrasjon og direktør. Vi er lokalisert i Førde.

Lotteritilsynet fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela og den private lotterimarknaden. Vi skal medverke til at lotteri og pengespel går føre seg i trygge former under offentlig kontroll. Siktemålet er å førebyggje negative sosiale konsekvensar av lotteri og pengespel. Vi skal også leggje til rettes for at lotteri kan vere inntektskjelde for den delen av frivillig sektor som har løyve til å skaffe seg slike inntekter.

Dessutan er Lotteritilsynet tilsynsorgan for Grasrotandelen. Vi forvaltar også ordninga med kompensasjon av meirverdiavgift til frivillige lag og organisasjonar, og kompensasjon av meirverdiavgift på idrettsanlegg.

Stiftelsestilsynet fører tilsyn med norske stiftelsar. I tillegg skal Stiftelsestilsynet gjere vedtak etter dekningslova og samvirkelova, og har dessutan ei rekkje forvaltningsoppgåver som mellom anna er knytt til oppretting og avvikling av stiftelsar.

Stiftelsestilsynet skal jobbe for å skape tillit til stiftelse som organisasjonsform, og dele kunnskap om rolla stiftelsar spelar i det norske samfunnet.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har bygt opp to store nasjonale register som vi driftar. I Lotteriregisteret kan publikum hente informasjon om over 5000 lag og organisasjonar som har løyve til å skaffe seg lotteriinntekter. I Stiftelsesregisteret ligg informasjon om landets 7300 stiftelsar, mellom anna vedtektene i kvar enkelt stiftelse.

7 300

Stiftelsar i norge

5 300

Lotteriverdige organisasjonar

19 000

får momskompensasjon

24 000

får grasrotmidlar

Innholdsliste

Del I - Oppsummering

Om oss og samfunnsoppdraget vårt	4
Direktørens oppsummering	5

Del II - Introduksjon

Introduksjon til verksemda	8
Organisasjonskart	10
Leiargruppa	11

Del III - Aktivitetar og resultat

Lotteritilsynet	12
Stiftelsestilsynet	22
Satsing på digitalisering	26
Evaluering av kommunikasjon	27

Del IV - Styling og kontroll

Styling og kontroll i verksemda	28
Særskilt rapport til departementet	30

Del V - Framtidsutsikter

Vurdering av framtida	31
-----------------------------	----

Del VI - Årsrekneskap

Leiinga sin kommentar	32
Prinsippnote til årsrekneskapen	33
Bevilgningsrapport for 2014	34
Artskontorrapport for 2014	36
Notar	37

“Tida var difor moden
for ei omorganisering
av Lotteritilsynet”



Ny politikk, nye oppgåver - og ny organisering

2014 har vore eit år prega av ny politikk på fagområda til Lotteri- og stiftelsestilsynet, og vi har fått ny organisering. Den norske pengespelmarknaden er i endring, og det gir oss utfordringar. Samstundes blir stiftelsar politisk framheva som ei ny og viktig kjelde til framtidig finansiering av samfunnsnyttige formål – særleg kultur.

I pengespelsektoren er endringar og utfordringar både eit resultat av ny politikk og ei digitalisering som stadig utfordrar den regulerte marknaden. Gledelig nok er norske spelarar positive til at vi aktivt brukar regulatoriske tiltak for å hindre at problemspelinga aukar her i landet. Det viste den store befolkningsundersøkinga Universitetet i Bergen utførte for oss. Undersøkinga vart offentleggjort i 2014.

Medan stiftelsessektoren er prega av stabilitet, får Lotteritilsynet nye oppgåver. 2014 var til dømes første heile året der vi hadde tilsyn med Grasrotandelen. Tida var difor moden for ei omorganisering av Lotteritilsynet.

Godt rusta for framtida

Vi har delt inn Lotteritilsynet i to avdelingar – avdeling pengespel og avdeling frivilligheit. Avdelingane jobbar framleis tett saman i ei rekkje saker, men er meir spissa mot tilsyn og kontroll av pengespel i den eine avdelinga og tilsyn og kontroll av lotteri, momskompensasjon og grasrotordninga i den andre avdelinga. I tillegg oppretta vi ei eiga stabseining for IT-utvikling, medan IT-drift vart lagt under Administrasjon. Omorganiseringa var viktig for å utnytte ressursane våre betre og handtere oppgåver på tvers i organisasjonen.

Med ny organisering på plass, står vi betre rusta til å gjere ein god jobb i åra framover. Det trengst, for teknologien driv utviklinga på pengespelområdet sterkt framover. Vi opplever til dømes stadig meir flytande grenser mellom reine pengespel og det vi kallar for sosiale nettverksspel. Eg vil tilrå alle ansvarlege styresmakter å følgje denne utviklinga nøye.

Grasrotordninga

2014 var det første heile året vi hadde tilsyn med dei over 24 000 mottakarane av grasrotpengar frå Norsk Tipping. Her har vi jobba ut frå ei vurdering av risiko og vesentlegheit for å luke ut mottakarar som ikkje hadde rett til å hente pengar frå ordninga. I fjor vart såleis 49 mottakarar utestengde, eller dei fekk varsel om at det kan skje.

Er det her snakk om misbruk av tillit? Vi skal vakte oss vel for å seie at alle som blir utestengde forsettleg er skuldige i brot på regelverket. Sidan ordninga skal vere enkel og lett tilgjengeleg, måtte styresmaktene rekne med at ein del av laga og organisasjonane i ettertid kunne bli utestengde.

Nye nettspel og legalisert poker

På det regulerte pengespelområdet var introduksjonen av Norsk Tipping sine nye interaktive spel ei sentral hending. Erfaringane, sett frå Lotteritilsynet si side, er gode. Mange av dei nye spela, der spelaren må setje sine eigne grenser for innsats og tid, er populære. Likevel gjenstår det å sjå i kor stor grad Norsk Tipping lukkast med å nå målet om å kanalisere spel frå utanlandske selskap til den regulerte norske marknaden.

Marknadsføringa av pengespel utan løyve i Noreg var eit stort problem også i 2014. Nesten 70 prosent av dei over 600 millionar kronene som vart brukt på pengespelreklame i fjor, vart brukt av utanlandske nettspelselskap i TV-kanalar som sender frå Storbritannia.

Frå årsskiftet vart poker for første gong legalisert her i landet i moderne tid – i tråd med politikken til regjeringa Solberg. Frå hausten 2015 reknar vi difor med at det blir arrangert norsk meisterskap i turneringspoker på norsk jord, og i forkant blir det fem regionale kvalifiseringsturneringar.

I tillegg vart det frå 1. januar 2015 opna for å legalisere poker i private heimar. Reguleringa er streng, og vi reknar med at det kan kome forsøk på å tøye regelverket. God informasjon om kva som er lovleg kan førebyggje forsøk på å gi denne forma for poker eit profesjonelt og organisert preg.

Kunnskapen aukar

Tre rapportar har tilført styresmaktene ny kunnskap på pengespelområdet. I mai kom den store befolkningsundersøkinga, ein av dei største i sitt slag om pengespelproblem i Norge. Den viste at 22 000 nordmenn er problemspelarar, noko som er litt færre enn det som er målt tidlegare. Den vart gjennomført før Norsk Tipping lanserte sine Instaspill på nettet i januar i 2014. Lotteritilsynet har som mål å følgje opp med ei tilsvarende undersøking for å følgje utviklinga i speleåtferd og problemspeling.

Like før nyttår overleverte eit ekspertutval rapporten *Grenselause pengespel – krev ny teknologi ny regulering?* Eg hadde sjølv gleda av å leie arbeidet som munna ut i ei rekkje framlegg som er skreddarsydd framtidige behov. Eitt av desse er eit framlegg om å samle dei tre pengespellovane i ei ny lov som er tilpassa den digitale tidsalderen vår. Tida er moden for ei slik reform no.

Like etter nyttår kom rapporten frå Rambøll som såg på dei økonomiske konsekvensane ved ei mogeleg lisensordning. Her var hovudkonklusjonen at ei lisensiering av den norske pengespelmarknaden ikkje vil tilføre frivillig sektor meir pengar. Denne rapporten blir følgt opp av Lotteritilsynet, som våren 2015 skal utgreie kva ei lisensiering kan få å seie for speleåtferd og kriminalitet.

Tematilsyn med positivt resultat

Stiftelsestilsynet gjennomførte ein ny og omfattande temakontroll i 2014. Her sette vi lupa på større bustadstiftelsar. Eit slikt djupdykk ned i ein stor stiftelsesektor gir oss både ny og verdifull kunnskap som vi deler med omverda. I dette tilfellet følgde vi også opp med ein dagskonferanse der alle deltakande bustadstiftelsar var inviterte. Deltakinga var stor.

Gledeleg var det å kunne slå fast at det store fleirtalet av bustadstiftelsar har ei drift som både tek vare på verdiane i bustadmassen og framtidig vedlikehald. Samstundes fann vi nokre stiftelsar som bør sjå nærare på korleis dei forvaltar bustadmassen til beste for formålet på kort og lang sikt.

Stiftelsessektoren er i store trekk prega av stabilitet. Gledeleg er det i alle fall at vi har ein kulturminister som er oppteken av filantropien sine rammevilkår i det norske samfunnet. Eg trur dette kan bidra til at vi etter kvart får fleire nye og store stiftelsar som skaper verdiar som går til samfunnsnyttige formål.

Elektronisk kommunikasjon

Sats på digitalisering – det er det klare signalet vi får frå regjeringshald. Lotteri- og stiftelsestilsynet følgjer opp dette med fleire konkrete prosjekt som vi omtaler i årsrapporten. Vi har fått på plass eit nytt Lotteriregister, og vi har starta arbeidet med å forbetre publikumsdelen av Stiftelsesregisteret.


Vi ser også at stadig meir av kommunikasjonen mellom tilsynet og brukarane skjer elektronisk, til dømes vart ca. 70 prosent av rapporteringa om rekneskap frå lotteriverdige organisasjonar i 2014 levert via Altinn.

Dette er også i samsvar med den nye strategien vi vedtok for perioden 2015–2020, der dei fem strategiske måla framover er:

- Tilby brukarvenleg sjølvbetjening.
- Auke produksjon og formidling av kunnskap på våre fagområde.
- Meir tilsyn gjennom fornying og effektivisering.
- Attraktiv arbeidsplass med kultur for endring.
- Heilskapleg styring.

Denne strategien er i tråd med samfunnsutviklinga og styringssignal, og vil sikre best mogleg kvalitet i alt vi gjer.

Førde, februar 2015



Atle Hamar
direktør
Lotteri- og stiftelsestilsynet

Introduksjon til verksemda

Lotteri- og stiftelsestilsynet er eit forvaltningsorgan underlagt Kulturdepartementet

I hovudinstruksen frå Kulturdepartementet om departementets styring av Lotteri- og stiftelsestilsynet står det:

«Lotteri- og stiftelsestilsynet er et forvaltningsorgan underlagt Kulturdepartementet. Tilsynet er organisert for å ivareta forvaltning og tilsyn på lotteri-/pengespillområdene og stiftelsesområdet, med en felles administrasjon og direktør. Lotteri- og stiftelsestilsynet forvalter også tilskudds-/kompensasjonsordninger.

Tilsynet er selvfinansiert, ved at hver av virksomhetens organisatoriske deler er finansiert av gebyrer og avgifter på sine områder. Tilskuddsforvaltningen gjennomføres som oppdragsvirksomhet, og finansieres av tilskuddsmidlene».



Tabell 1: Utvalde volumtal


Tabellen syner volumtal for Lotteri- og stiftelsestilsynet sine kjerneområde. Tala er nærare kommentert i del III.

	2013	2014
Tal godkjende lotteriverdige organisasjonar	5 256	5 285
Tal organisasjonar med inntekter frå bingo	3 604	3 657
Tal registrerte stiftelsar	7 438	7 311
Tal næringsdrivande stiftelsar	873	843
Tal søknader momskompensasjon til frivillige organisasjonar	1 079	1 189
Tal søknader momskompensasjon idrettsanlegg	246	324
Tal journalførte saker i tilsynet samla	29 783	30 198
Tal unike besøkande tilsynet sine nettsider	71 856	92 110
Tal anrop til Hjelpelinja for speleavhengige	1 088	933


Tabell 2: Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen

Tabellen syner nøkkeltal basert på informasjon frå del IV Årsrekneskapen.

	2013	2014
Tal årsverk	64	62
Samla utgiftsløyving inkl. tilskotsordningar	1 080 044 000	1 383 539 000
Driftsutgifter rekneskapsført	74 409 945	74 447 715
Lønsdel av driftsutgifter (prosent)	59,2	60,2
Løn og sosiale utgifter per årsverk	688 264	722 758
Samla inntekt rekneskapsført	81 877 053	91 264 377



Organisasjonskart



Leiargruppa



Atle Hamar

er direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Han vart direktør i Lotteritilsynet ved etableringa i 2001, og i begge fagtilsyna då Stiftelsestilsynet vart samlokalisert med Lotteritilsynet i 2005.

Atle er utdanna lærar ved Lærarhøgskulen i Sogndal i 1986, og har også teke mellomfag samfunnsvitenskap ved Sogn og Fjordane Distriktshøgskule. Han har vore distriktsarbeidssjef i Indre Sunnfjord. Atle hadde også ei politisk karriere der han mellom anna var statssekretær i Justisdepartementet og politisk rådgivar i Samferdsledepartementet under regjeringa Bondevik I. Han vart fødd i 1963 og er frå Jølster.



Kåre Eide

vart tilsett i Lotteritilsynet i 2001 - same året Lotteritilsynet starta. I 2010 vart han

leiar av avdeling for IT-utvikling og drift. Han er utdanna sivilingeniør ved NTNU i 1996. Før han kom til tilsynet jobba han med olje- og gassinstallasjonar i Kværner OIL & Gas i Oslo. Kåre vart fødd i 1973, og kjem frå Førde.



Anne Mette Hjellev

har vore kommunikasjonsdirektør i Lotteri- og stiftelsestilsynet sidan januar 2011.

Anne Mette har studert ved Universitetet i Oslo, American University i Paris og Handelshøgskolen BI, m.a. master program i digital kommunikasjonsleiing. Ho har dessutan 20 års erfaring som journalist i ulike aviser og i NRK, og har vore kommunikasjonsrådgjevar med eige selskap. Anne Mette vart fødd i 1963, og kjem frå Breim.



Bjørn Morten Øen

var tilsett som avdelingsdirektør administrasjon i mai 2013, og han er NK i Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Bjørn Morten er utdanna spesialsjukepleiar, og har 20 års leiar erfaring frå spesialisthelsetenesta. I tillegg har han organisasjon og leiing frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Han har gjennomført nasjonalt toppleiarprogram via spesialisthelsetenesta. Bjørn Morten vart fødd i 1963, og kjem frå Sandane.



Linda Vøllestad Westbye

har vore tilsett i Lotteri- og stiftelsestilsynet sidan juni 2009. Ho vart avdelingsdirektør i Lotteritilsynet pengespel frå 1. juni 2014.

Linda har master i sosialantropologi. Før ho kom til tilsynet jobba ho i Landsforeningen for Trafikkskadde og ved Universitetet i Bergen. Linda vart fødd i 1979, og kjem frå Drangedal.



Elna Berge

er avdelingsdirektør i Lotteritilsynet pengespel etter at Lotteritilsynet vart delt i 2014. Ho har vore tilsett sidan mai 2001 då ho tok til i stillinga som avdelingsdirektør i Lotteritilsynet.

Elna er cand. jur. frå Universitetet i Oslo, og har erfaring som underdirektør i Oslo kretsfengsel. Til tilsynet kom Elna frå stillingar som politiinspektør i Fjordane politidistrikt. Elna vart fødd i 1956, og kjem frå Selje.



Gunn Merete Paulsen

har vore tilsett i Lotteri- og stiftelsestilsynet sidan august 2008. I desember 2011 vart ho avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet.

Gunn Merete er utdanna cand. jur. frå Universitetet i Bergen. Før ho kom til tilsynet, jobba ho som advokat, advokatfullmektig og som dommarfullmektig. Gunn Merete vart fødd i 1973, og er frå Davik.



Avdekka regelbrot på alle kontrollområde

Lotteritilsynet avdekka i 2014 brot på regelverket på alle områda vi har kontroll med. Dei fleste av brota blir likevel retta etter at den ansvarlege aktøren får varsel eller pålegg frå Lotteritilsynet om å rette det opp.

Berre i sjeldne tilfelle resulterer regelbrota i ei politimelding. Lotteritilsynet hadde ingen slike meldingar i 2014, men vi brukte mykje ressursar på å bistå politiet i samband med ei melding vi sende i 2013.

Lotteritilsynet har hatt utfordringar med nokre bingoarrangørar dei siste fire åra - særleg knytt til manglande utbetaling av overskot til formåla. Ei alvorleg sak, som er avdekka, skal opp i Oslo tingrett i mars 2015.

Kontrollar gir resultat

Ein lotteriverdig organisasjon mista godkjenninga si i 2014 etter kontroll av bruken av lotteriinntekter. Det er her grunn til å tru at kontrollane som Lotteritilsynet har hatt dei siste åra har rydda vekk ein del som ikkje fyller vilkåra for å vere lotteriverdig organisasjon. I perioden 2008 til 2014 har vi sett nærare på 189 organisasjonar, og førebels har 56 fått godkjenninga trekt tilbake.

Av alle godkjende lotteriverdige organisasjonar i 2014 (ved årsskriftet var det rundt 5 300), mista 203 godkjenninga på grunn av manglande innsending av rekneskapsrapport. Dette er litt færre enn tidlegare. 70 prosent av organisasjonane brukte Altinn for å rapportere sine opplysningar til Lotteritilsynet.

Tilsyn med Grasrotandelen

Vårt tilsyn med grasrotordninga har avdekka at ein del organisasjonar har fått midlar trass i at dei ikkje skulle vore inne i denne ordninga. Om dette skuldast uklårt regelverk, feiltolking av regelverk, eller forsettleg misbruk av denne lågterskelordninga, kan vere vanskeleg å fastslå.

Vi har så langt konsentrert vårt tilsyn om å luke ut organisasjonar som opplagt ikkje er i målgruppa, og såleis stoppe pengestraumen til desse. I eitt tilfelle har vi kravd utbetalt tilskot tilbake.

I alt mottok over 24 000 organisasjonar til saman 357 millionar kroner frå Grasrotandelen i 2014. Utvalet av organisasjonar som det vart ført tilsyn med, er i hovudsak basert på vurderingar av risiko- og vesentlegheit og mottekne tips. Det er også lagt vekt på å bruke kunnskap om organisasjonane frå momsordninga og lotterigodkjende organisasjonar.

Det vart ført tilsyn med 129 organisasjonar i 2014. Av dei kontrollerte organisasjonane vart 49 anten utestengde eller dei fekk varsel om utestenging. Årsakene til utestenging er i hovudsak for lite frivilligheit, for sterk offentleg tilknytning, at det er tale om ein lukka krets eller for sterk knytning til næring.

Fem av dei kontrollerte organisasjonane er utestengde fordi dei ikkje har svart på henvendelsar frå tilsynet.

Grasrotandelen
357 millionar kr.

Kontrollert rekneskap frå
230 bingohallar

Tilsyn med bingo

Kontrollen med rekneskap frå bingoentreprenørane er den mest omfattande tilsynsjobben i den private delen av lotterimarknaden. Målet er å sikre at organisasjonane får utbetalt det dei skal ha. Lotteritilsynet kontrollerte rekneskapen frå 230 bingoallar i 2014. Det var ein del oppfølging med nokre allar, men samtlege entreprenørar leverte rekneskap. Rekneskapskontrollar vart berre delvis gjennomførte for foreiningsbingo.

Det vart gjennomført 21 av 25 planlagde kontrollar i bingoallar i 2014. Bingolokala vart plukka ut etter ei vurdering av risiko og vesentlegheit. Kontrollane resulterte i ei rekkje pålegg av ulik alvorgrad.

Årsakene til manglande oppfylgning her var først og fremst personellsituasjonen med tre nye medarbeidarar kombinert med langtidsfråvær. Dessutan måtte vi avsetje mykje ressursar til testing i samband med innføring av nye e-skjema gjennom Altinn og utvikling av det nye Lotteriregisteret. Manglande måloppnåing har vore uheldig, men ikkje uforsvarleg, risikomessig sett. Vi ser det likevel ikkje som ønskjeleg å redusere tilsynsomfanget framover.


Vi har også hatt fleire utfordringar knytt til databingo sidan 2012. Aktørane har her brote regelverket for korleis bingospelet skal utformast og fungere på desse maskinene. Etter å ha hatt mange saker med aktørane på dette punktet både i 2012 og året etter, så vart dette vesentleg betre i 2014.

Klagehandsaming

Lotterinemnda hadde 68 klagesaker til handsaming i 2014. 60 klager fekk ikkje medhald. To av sakene vart sende tilbake til Lotteritilsynet til fornya sakshandsaming, og seks saker vart omgjort av nemnda.

Sakene som vart omgjorde var innanfor automatkompensasjons- og momskompensasjonsordninga. Alle sakene gjekk på at søkjar ikkje hadde halde fristen som Lotteritilsynet hadde sett for å søkje eller sende inn pliktige vedlegg. Lotterinemnda omgjorde her vedtaka etter ei konkret vurdering der sentrale argument var formålet med ordninga, utforming av søknadsskjema og at ei ny vurdering ikkje ville ha negative konsekvensar for andre søkjarar.

Klagehandsaming 2005-2014



Lotteritilsynet vil, etter signal frå Lotterinemnda, gå gjennom våre rutinar og praksis knytt til å avvise saker på bakgrunn av fristoversittjng. Når det gjeld handsaming av klagesaker i Lotterinemnda over tid, så viser statistikken frå perioden 2005 – 2014 følgande tal: Det vart sendt 354 saker over frå Lotteritilsynet til Lotterinemnda i perioden. 16 av desse sakene vart omgjort av nemnda, og 13 saker vart sende tilbake til Lotteritilsynet for ny handsaming. Diagrammet over synleggjer denne statusen i prosent.

Tilsyn med statlege pengespel

I 2014 gjennomførte vi ti revisjonsbaserte tilsyn mot speleoperatørane Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Val av revisjonsområde er basert på risiko og vesentlegheit knytt til den norske spelmarknaden - i tillegg til oppgåver frå Kulturdepartementet.

Lotteritilsynet har i revisjonane for 2014 lagt særleg vekt på om spela blir tilbydd på ein ansvarleg måte i tråd med krava i lov og forskrift. Vidare har vi sett på om kunnskapen hjå personalet i spelselskapa og kommisjonærane har vore tilstrekkeleg når det gjeld speldistribusjon og spelansvar.

Marknadsføring har vore eit anna aktuelt revisjonsområde hjå begge selskapa. Det har vore utført revisjon hjå begge der formålet med revisjonen var å evaluere om selskapa har etablert system som ivaretek ein profesjonell dialog mellom selskap og kunde når det gjeld krav om informasjon og klagebehandling.

Mange krevjande forvaltningsoppgåver

Ein stor del av Lotteritilsynet sine ressursar går med til handsaming av forvaltningssaker, så som godkjenning, autorisasjon og løyve etter høvesvis lotterilova og pengespellova. Lotteritilsynet handsamar også klager frå spelarar hjå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto.

I tillegg handsamar vi søknader om momskompensasjon, tilskot frå delar av overskotet til Norsk Tipping, forutan tilskot til støttegrupper som arbeider mot speleproblem.

Godkjenning av organisasjonar

I 2014 godkjende vi 279 organisasjonar som må vere lotteriverdige for å kunne arrangere større lotteri, bingo osv. Kring halvparten av organisasjonane tilhøyrer kategoriane idrett og interesseorganisasjonar. Lotteriregisteret inneheld ca. 5300 godkjende lag og organisasjonar.

Autorisasjon av entreprenør



Det var berre ein ny aktør som fekk autorisasjon som entreprenør på lotteriverksemd i 2014.

Løyve til bingo med entreprenør

Bingo med entreprenør blir drive av profesjonelle aktørar til inntekt for godkjende organisasjonar. Lotteritilsynet gav 249 løyve til bingohallar som vart operert av entreprenørar i 2014. Nokre av hallane har fått fleire løyve i løpet av året, slik at talet på hallar var rundt 230. Desse løyva gav inntekter til om lag 3350 formål.

Løyve til foreiningsbingo

Foreiningsbingo blir arrangert av lotteriverdige organisasjonar som får heile overskotet sjølve, og det vart gitt 318 løyve til slik bingo i 2014. Av desse galdt 82 løyve til bingo i lokalradio/lokalTV. Her er formålet den einskilde lokale TV- eller radiostasjonen. 105 organisasjonar fekk løyve til bingo med omsetnad under 250 000 kroner, og 131 til foreiningsbingo med omsetnad opptil 700 000 kroner.



Løyve til lotteri over 200 000

Lotteritilsynet gav løyve til 124 større lotteri i 2014. Dette er tradisjonelle lotteri med trekning før eller etter sal av lodd. Av desse lotteria var 52 såkalla landslotteri - det vil seie at formåla var landsdekkande organisasjonar, og lodd kan seljast over heile landet.

Meldingslotteri

Dette er tradisjonelle lotteri med årleg omsetnad under 200 000 kroner. Organisasjonar som vil arrangere denne type lotteri treng ikkje å vere godkjende som lotteriverdige, det er tilstrekkeleg å melde inn lotteriet til Lotteritilsynet 14 dagar før det skal gjennomførast. 2344 organisasjonar fekk aksept for å ha meldingslotteri i 2014.

Trekningar

I 2014 gjennomførte Lotteritilsynet 320 trekningar i private lotteri. Nokre større lotteri har mange trekningar fordelt gjennom året.

Instaspill

Norsk Tipping lanserte i januar 2014 sin nye interaktive nettspel kalla Instaspill. Ved lanseringa hadde Lotteritilsynet godkjent i underkant av 70 spel. I løpet av året godkjende vi 18 nye spel.

Lotteritilsynet har motteke månadlege rapportar frå Norsk Tipping med informasjon om talet på spelarar, brutto og netto omsetning for dei ulike spela, bruk av ansvarlegheitsverktøy og andre tal om spela. Det har i tillegg vore jamlege rapporteringsmøte mellom Norsk Tipping og Lotteritilsynet med gjennomgang av ulike problemstillingar knytt til nettspela.

Før lansering av Instaspill gjennomførde Lotteritilsynet ein revisjon av ansvarlegheitsverktøya som er brukt i spela. Denne revisjonen vart følgd opp etter at spela hadde vore i produksjon ein periode.

Tilskot frå overskotet til Norsk Tipping

Tildeling i 2014

Sidan 2008 har vi fordelt tilskot frå overskotet i Norsk Tipping til organisasjonar som tidlegare hadde automatinntekter. Frå 2014 vart reglane endra, slik at også andre samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar kunne søkje. Den utvida ordninga retta seg mot fire kategoriar i Frivillighetsregisteret. I tillegg må dei vere lotterigodkjende, landsdekkande og dei kunne ikkje ha automatinntekter i 2001.

Det var 44 søkjarar. 23 av desse vart godkjende, og fekk utbetalt til saman 93,6 millionar kroner. Vurderinga av kravet om å være landsdekkjande var største utfordringa under saksbehandlinga.

Tilskotet må følge EØS sine reglar for statsstøtte. For dei organisasjonane som kom inn under ordninga, vart tilskotet fordelt på grunnlag av rekneskapsdata frå momsordninga for frivillige organisasjonar. Vi fekk tilbakemeldingar frå søkjarane om at slik gjenbruk av data gjorde søknadsprosessen svært enkel.

Vurdering av første utbetalingsrunde

Vi fekk svært god tilbakemelding frå søkjarane på søknadsprosessen. Derimot var det stor usikkerheit rundt statsstøtte-regelverket og korleis dei skulle forhalde seg til det. Særleg galdt det vurderinga om dei hadde økonomisk aktivitet. Ved vurderinga av kven som kom innanfor ordninga, var det først og fremst kravet om landsdekkande verksemd som skapte utfordringar. Vi fekk også nokre tilbakemeldingar på at det var urimelig å setje som krav om at søkjarane måtte være godkjende som lotteriverdig organisasjon innan 1. januar i søknadsåret, då ordninga ikkje var kjent på dette tidspunktet.

Vurdering av konsekvensane av ny ordning

Av 44 søkjarar vart 23 godkjende, og desse fekk utbetalt til saman 93,6 millionar kroner. Konsekvensen var at nokre søkjarar fekk tildelt store beløp. I tildelingsbrevet vart det difor informert om at søkjarane ikkje kunne forvente seg tilsvarande beløp ved neste søknadsrunde. Ettersom start av det nye spelet til Norsk Tipping «Nabolaget» var kraftig forseinka, reknar vi med at summen som skal fordelast i 2015 blir på vel 50 millionar kroner. Både talet på søkjarar og godkjende søknader vart lågare enn kva som var venta. Årsaka til at det var så få søkjarar kan vere at krava er for strenge, at ordninga ikkje var godt nok kjend for målgruppa - eller ein blanding av desse årsakene.

Problemspeling er stabil

Lotteritilsynet kunne i 2014 presentere ei ny befolkningsundersøking. Den viste at det her i landet var 0,6 prosent av befolkninga som hadde utvikla problemspeling. Dette utgjer 22 000 personar.

Tala kom fram i ein studie om pengespel og dataspel som Universitet i Bergen (UiB) laga på oppdrag frå Lotteritilsynet. Undersøkinga viser at talet på personar med speleproblem i Noreg er relativt stabilt, og vi såg ein liten nedgang frå tidligare undersøkingar.

UiB undersøkte også effekten av pengespelreklame. Eitt av funna viser at personar som har speleproblem er i risikosona for å bruke meir pengar, og dei spelar med høgare risiko som følge av reklame.

Søkjelys på speleansvar

I september arrangerte Lotteritilsynet sin første konferanse om speleansvar. Tema gjennom heile dagskonferansen var speleansvar frå ulike perspektiv, som til dømes speltilbydar, styresmakter og forskarar.

Kulturminister Thorhild Widvey opna konferansen, og det var over 100 deltakarar. Konferansen var eit tiltak i Handlingsplanen mot speleproblem 2013 – 2015.

Mykje av programmet var via personar som ser effektane av spel på godt og vondt. Det var mottakarar av speloverskot, forutan personar og organisasjonar som ser korleis spel skaper problem for den einskilde, familie, sosiale nettverk og arbeidsliv.



Problemspeling

22 000 personar
(0,6 % av befolkninga)

Store jobbar som vart gjort i 2014

NM i poker og private pokerlag

I 2014 kom det nytt regelverk slik at det kan arrangerast norsk meisterskap i turneringspoker. Lotteritilsynet bidrog i forskriftsarbeidet og ved utlysing av søknaden om å få tildelt arrangementet.

Landsdekkjande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar kan søkje om å arrangere NM, søknadsfristen var 1. februar 2015. Lotteritilsynet skal handsame søknadene. Dersom fleire søkjarar oppfyller krava i forskrifta, vil tildeling skje i form av loddtrekning.

Vi reknar med at norsk meisterskap i turneringspoker blir arrangert i andre halvår 2015. Lotteritilsynet vil føre tilsyn med turneringane.

Frå 1. januar 2015 vart det opna for poker i private heimar så lenge deltakarane er i nær omgangskrins, og så lenge aktiviteten ikkje har et profesjonelt eller organisert preg. Inntil ti perssonar kan delta med ei maksimal tapsgrense på 1000 kroner pr. spelekveld.

Revisjon av forskriftene

Etter oppdrag frå Kulturdepartementet har Lotteritilsynet arbeidd med revisjon av forskriftene etter lotterilova, pengespellova og totalisatorlova. Siktemålet var å lage eit meir effektivt, lettare tilgjengeleg og oversiktleg regelverk.

Dette var eit omfattande arbeid der vi hadde god hjelp frå Lovavdelinga. Eit framlegg til forskriftsendring vart sendt Kulturdepartementet i desember.

Hamarutvalet ferdig i desember

I desember 2014 vart rapporten «Grenselause pengespel – krev ny teknologi ny regulering?» overlevert Kulturdepartementet. Rapporten vart laga etter oppdrag frå departementet.

Rapporten munna ut i ei rekkje framlegg til endringar for å verne norske pengespel frå konkurransen frå utlandet, og for å gjere regelverket tilstrekkeleg tydeleg og konsekvent for aktørane i marknaden. Det vart også tilrådd tiltak for å følgje opp marknaden for sosiale nettverksspel.

Arbeidet i ekspertgruppa vart leia av direktør Atle Hamar i Lotteri- og stiftelsestilsynet, og to medarbeidarar i Lotteritilsynet utgjorde sekretariatet.



Milepælar i 2014

I september gjorde vi alle våre 12 ulike søknads- og rapporterings-skjema på papir tilgjengelige som e-skjema i Altinn. I Altinn kan brukaren nytte seg av to inngangar – ein for søknad og ein for rapportering.

1. oktober 2014 overtok vi Lotteriregisteret som vart flytta frå Brønnøysund til Førde. Samstundes vart det gjort fleire endringar som har gjort Lotteriregisteret meir eigna som fagsystem under sakshandsaminga etter lotterilova.

Mobil
34 prosent

PC
54 prosent

Stadig meir mobile nettspel

Ein stadig større del av pengespelinga på nettet skjer via mobile plattformer.

I 2014 brukte 34 prosent av dei norske nettspelarane mobiltelefon, medan talet året før var 27 prosent.

Vi må rekne med at denne utviklinga vil forsterke seg i åra framover. Mobiltelefon vil venteleg om få år vere den mest brukte kanalen for pengespel på nettet. Nettbrett blir også stadig meir brukt – 12 prosent spelte på nettet med nettbrett i 2014.

Bruken av den meir stasjonære PC-en er tilsvarande på veg nedover. I 2014 brukte rett nok 54 prosent PC eller Mac, men dette var ein nedgang frå 64 prosent året før.

Meir tilgjengelege pengespel

Ein konsekvens av utviklinga er at pengespel for mange vil bli stadig meir tilgjengelege. Styresmaktene bør difor følge utviklinga med tanke på kva verknader dette kan få for speleåtferda.

Det vart ikkje påvist negative endringar i speleåtferd her i landet i 2014. Den store befolkningsstudien som Universitetet i Bergen (UiB) gjennomførte for Lotteritilsynet, viser at talet på problemspelarar er stabilt – faktisk har talet gått litt ned siste åra. Resultatet i studien, som vart gjennomført før Norsk Tipping innførte sin nettspel, viser at 0,6 prosent av den vaksne befolkninga var problemspelarar i 2013.

Talet på spelarar som er i risikosonene var likevel såpass stort, ca. ti prosent av den vaksne befolkninga, at styresmaktene også av den grunn bør leggje vekt på å følge utviklinga tett.

Resultatet av forskninga blir underbygt av statistikken for Hjelpelinja for speleavhengige. I første halvår 2014 var det ein viss nedgang i talet på samtalar samanlikna med året før.

Samla sett er det difor grunn til å tru at aukande bruk av ansvarlegheitsverktøy fungerer etter intensjonen. Dessutan er det mange av spelarane som seier dei likar tiltak som ansvarleggjer spela – det viste undersøkinga som UiB laga.

Sosiale nettverksspel aukar

Sosiale nettverksspel er ein annan trend som aukar. Det vart godt dokumentert i rapporten frå Hamarutvalet. Her er det ei samansmelting av pengespel og underholdande, enkle nettverksspel der element av innskot og gevinst er teke inn. Vi er usikre på i kor stor grad dette vil påverke speleåtferd og pengespelmarknaden i åra framover.

I rapporten blir det konkludert med at det bør utgreiast om sosiale nettverksspel skal regulast dersom dei ikkje fell inn under definisjonen av pengespel. Eitt anna råd er at ei tverrfagleg gruppe følgjer utviklinga i gråsona mellom sosiale nettverksspel og pengespel.

Ulovleg marknadsføring og pyramidar

I 2014 vart det reagert mot ulovleg marknadsføring og formidling av utanlandske pengespel på fleire norske nettstader, i trykte medium og i det offentlege rom. Lotteritilsynet fekk vidare Facebook til å fjerne sider og annonsar med ulovleg spelereklame.

Lotteritilsynet sende brev til utanlandske speleselskap og norske talspersonar for slike selskap der vi orienterte om regelverket og oppmoda om å følgje dette. Tilsynsverksemda viser at det blir teke i bruk stadig nye metodar og kanalar for å marknadsføre og formidle ulovlege pengespel i Norge.

Pyramidespel

Lotteritilsynet gjennomførte i 2014 tilsyn mot to selskap for å vurdere om desse var ulovlege pyramidespel. I saka om World Ventures kom Lotteritilsynet til at verksemda var eit ulovleg pyramideliknande omsetningssystem, og det vart fatta vedtak med pålegg om stans.

Vedtaket vart klaga til Lotterinemnda, som stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak. World Ventures sette deretter fram krav om midlertidig forføyning for Oslo byfogdembete, men kravet vart avvist.

I saka som galdt Lyoness vart konklusjonen at selskapet, på tidspunktet då tilsynsrapporten vart laga, ikkje dreiv eit ulovleg pyramideliknande omsetningssystem. Tilsynet meinte likevel selskapet i ein startsfase hadde drive i strid med lova. Lyoness har klaga på denne avgjerda.

Det skjer i 2015

- I 2015 skal vi på oppdrag frå Kulturdepartementet gjennomføre ei utgreiing om sosiale og kriminalpolitiske konsekvensar av ei mogleg lisensiering av pengespel i den norske marknaden.
- Lotteritilsynet skal også utarbeide eit framlegg til ny handlingsplan mot speleproblem.
- Vi skal planlegge ei ny befolkningsundersøking for å kartleggje utviklinga av pengespelproblem i Noreg.
- I tillegg skal vi evaluere effekten av Norsk Tipping sine ansvarlegheitsverktøy på dei nye nettspela som vart introduserte i 2014.
- Vi skal dessutan evaluere dei nye reglane om fordeling av 18 prosent av overskotet frå Norsk Tipping til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar.
- Når det gjeld tilskotsordningane våre, skal vi ha særleg fokus på at EØS-avtalen sine reglar om statsstøtte vert haldne.
- Lotteritilsynet skal hjelpe til med revisjon av forskriftsverket på lotteri- og pengespelfeltet.

Nesten 1200 søkte om momskompensasjon

I 2014 fekk vi 1189 søknader om totalt 1,484 milliard kroner i generell meirverdiavgiftskompensasjon (momskompensasjon). 1040 av søknadene vart godkjende, og til saman vart det utbetalt 1,191 milliard kroner.

Generell kompensasjonsordning

Mange søknader omfattar fleire underledd, slik at momskompensasjonen i 2014 kom nær 19 000 lag og organisasjonar til gode.





I tillegg til reine avslag reduserte Lotteritilsynet ein del i søknadssummane. Dette er i hovudsak skjønsmessige vurderingar av storleiken på frådragspostar. Det vart i 2014 også gitt avslag i delar av søknadssummen til sentralledd, der vi vurderte at enkelte underledd har ein økonomisk aktivitet som er i konkurranse med verksemdar som ikkje har rett til momskompensasjon. Avkortinga vart på 17 prosent i 2014.

Momskompensasjon til idrettsanlegg

Vi fekk inn 324 søknader om kompensasjon for moms ved bygging av idrettsanlegg. Søknadssummen utgjorde 128,1 millionar kroner.

Godkjende søknader hadde ein samla søknadssum på 113,8 millionar. Etter ei avkorting på 42,9 prosent, fekk desse utbetalt 65,7 millionar kroner. I desember 2014 vart det gjort ei ekstraløyving til ordninga på 48,856 millionar kroner. Dette førte til at dei godkjende søknadene fekk utbetalt 100 prosent av søknadssummen.

Vi avsto 32 søknadar i 2014. 11 søknader mangla revisorattest, ti hadde søknadsbeløp under minstegrensa, to hadde ikkje rett søknadsobjekt og ni hadde andre manglar ved søknaden. Det er lite skjøn knytt til sakshandsaminga, men det er framleis ein god del tekniske manglar ved søknadene som krev oppfølging under sakshandsaminga.



Særskilt om momskompensasjonsordningane

Sakshandsaming og etterkontroll

Av dei ca. 17 500 underledd som i 2014 fekk kompensasjon gjennom sentralledda, vart ca 1,7 prosent kontrollerte anten under saksbehandlinga eller ved kontroll etter utbetaling. Vi rettar kontrollane av underledd inn mot område der risikoen for feil er størst, slik at effekten er langt større enn det talet på kontrollar tilseier. Resultata av kontrollane av underledda blir kommunisert til sentralledda, og vi forventar at dei ved seinare søknader tek omsyn til dette.

Analyse av kontrollresultat

Kontrollresultat og regelverk

a) Det bør vurderast om forskrifta skal ha ein ordlyd som tydeleg presiserer at kostnader av privat karakter ikkje skal vere med i søknadsgrunnlaget. Dette gjeld for eksempel medlemsturar, behandlingsreiser, straum, vatn og avløp, snøbrøyting, vakt av båtplassar, TV og antenneanlegg, etc.

b) Det bør vurderast om det i forskrifta skal presiserast at også lønnskostnader og andre kostnader utan moms skal vere med i berekinga av kva som skal trekkjast ut som mva-pliktig del av verksemda.

Forvaltning av ordninga

Vi vil i 2015 effektivisere sakshandsaminga ytterlegare gjennom å «automatisere» sakshandsaminga av dei enklaste søknadene.

Organisasjonar som er dårleg representert

Vår erfaring er at enkeltstående søkjarar kjem for dårleg ut i høve til underledd som ikkje har noko minstegrense. Vi foreslår difor at det bør vurderast å senke minstegrensa i forenkla modell til 100 000 kroner, og til 7 000 kroner i dokumentert modell.

Sentralledda sitt ansvar overfor underledd

Ut frå at vi har hatt ein del spørsmål frå sentralledd som er usikre på kva ansvar og plikter dei har overfor underledda sine, bør det vurderast om dette skal gjerast meir tydeleg i forskrifta.

Rettleiar til forskrift om momskompensasjon

Det ligg i dag ein rettleiar på vår nettside - oppdatert 29. september 2014 - både for forenkla og dokumentert modell. Vi vil i 2015 gå gjennom denne og vurdere forbedringar.

Informasjon og rettleiing

Vi får generelt gode tilbakemeldingar frå frivillig sektor på informasjon og rettleiing. Ifølgje den årlige undersøkinga Frivillighet Norge gjennomfører svarte over 93 prosent av dei som hadde vore i kontakt med oss at dei hadde fått klare svar. Andelen som treng hjelp går ned.

Forhold som er undersøkt	2010	2011	2012	2013
Prosentdel som har vore i kontakt med LS ved søknad om kompensasjon	75	47	41,3	35,4
Prosentdel som oppgir å få klare svar	66,3	85,7	80,3	93,3

Vi ser derimot, på bakgrunn av uformelle tilbakemeldingar frå søkjarane, at informasjonen på nettsida vår kan gjerast lettare tilgjengeleg.

Enkeltstående søkjarar

Vi fekk 23 nye enkeltstående søkjarar i 2013 og 58 i 2014 som følgje av at minstegrensa vart sett ned i 2013. Sjølv om det er ein auke i 2014, er det framleis få små enkeltstående søkjarar.

Er ordninga blitt meir tilgjengeleg?

Frå 2010 har det vore ein jamn auke i talet på organisasjonar som nytt godt av ordninga. Med same auke framover vil vi passere 20 000 organisasjonar i ordninga i 2015. Ut frå det totale talet på organisasjonar som vi reknar med kjem inn under ordninga - ca. 80 000 organisasjonar ifølgje Frivillighet Norge - kan talet på organisasjonar som er med i ordninga likevel verke lågt.

Søknadsår	2010	2011	2012	2013	2014
Talet på søkjarar	869	880	907	1 079	1 189
Taler på organisasjonar	13 160	14 248	16 188	17 863	18 898

Ut frå opplysningar frå søknadsskjema veit vi at sentralledda som søker har ca. 45 000 underledd. Vi vil tru at dei fleste større sentralledda allereie er med i ordninga. Det er dermed sannsynleg at mange av organisasjonane vi ikkje har oversikt over, er enkeltstående. Det er på bakgrunn av tilgjengeleg forskning grunn til å tru at mange av desse organisasjonane har ubetydeleg økonomi slik at dei ikkje kjem over minstegrensene.



Meir førebyggjande tilsynsarbeid

Tilsynsarbeidet i Stiftelsestilsynet vart i 2014 utført med sju årsverk. To av desse er statsautoriserte revisorar, ein er økonom og fire juristar.

Dei føringar som tidlegare er gitt for tilsynsarbeidet, er i stor grad ført vidare og vidareutvikla i 2014. Tilsynsarbeidet er gjennomført i samsvar med årsplan for tilsynsarbeid. Det har kun vore mindre endringar knytta til utsetjing av fristar.

I 2014 vart det oppretta til saman 711 tilsynssaker. Dette er ein auke på 61 saker frå 2013. Talet på mottekne revisorbrev i 2014 utgjorde 231 saker. Dette er ein nedgang på 14 saker frå 2013.

Talet på saker for tematisyn, også systemkontroll, utgjorde 399 saker. For enkelttilsyn og andre meldingar om tilhøve i stiftelsar, var tala på saker høvesvis 48 og 27 saker.

Stiftelsestilsynet har i tilsynsarbeidet utarbeidd generelle vurderingar for risiko- og vesentlegheit for stiftelsesforma. Desse vurderingane er førande både når det gjeld kategorisering av tilsynssaker, og ved utveljing av kva for tilsyn eller utvida undersøkingar som skal gjerast.

Meir førebyggjande tilsyn

Dei ulike tilsynsområda kan kategoriserast i innkomne saker og eigenoppretta saker. Dei innkomne sakene er i all hovudsak basert på revisorbrev, tips og medieoppslag. Det er her grunn til å nemne at arbeid med utvikling av tipstenesta i 2014 førte til fleire tips enn tidlegare, og vi hadde ei betre og meir effektiv handsaming av tipsa. Når det gjeld sakene vi oppretta sjølve, er desse i hovudsak gjennomførte ved systemkontrollar, temakontrollar og prosjekt.

I 2013 gjekk tilsynsarbeidet over i ein fase med meir bruk av førebyggjande tilsyn. Dette har vore viktig for utviklinga av tilsynet med stiftelsar. Stiftelsestilsynet meiner, gjennom erfaring med tilsyn av stiftelsar, at det proaktive tilsynet gir ein langt betre effekt enn meir passivt tilsyn. Særleg får vi betre moglegheiter til å sjå på større grupper ut frå kritiske utvalskriterium. Det gir også fordelar å sjå på fleire innanfor same felt samstundes.

Viktige temakontrollar

Førebyggjande tilsyn utgjer no ein stor del av tilsynsarbeidet. Dette tilsynet vart vidare utvikla i planane, og ved gjennomføringa av tilsynsarbeidet, i 2014.

Som ledd i det førebyggjande tilsynet gjennomførte Stiftelsestilsynet i 2014 ein temakontroll med bustadstiftelsar (sjå eigen artikkel). Slike temakontrollar er ein viktig del av Stiftelsestilsynets arbeid. Å bidra til større kunnskap og klargjering av våre forventningar er ein sentral del av tilsynsrolla. Temakontrollen munna ut i ein rapport der vårt mål var å gi betre kunnskap om kva norske bustadstiftelsar bidreg med i samfunnet, kva for krav som blir stilt til styra og korleis forvaltning kan gjennomførast på ein forsvarleg måte.

Som ein del av det førebyggjande tilsynet har det vore viktig å få ut informasjon om stiftelsesforma og det særigne ved denne eigarforma. Dette er gjort gjennom arbeid med tilrådingar, bloggar og artiklar, lovarbeid, rettleiing til stiftelsar og andre, og gjennom føredrag. Vidare er det gjort eit arbeid mot politi og påtalemyndighet for dei saker som er politimelde av Stiftelsestilsynet. Hovudformålet med dette er å spreie kunnskap om kor alvorleg straffbare forhold i stiftelsar kan vere.

Fokus på store stiftelsar

Stiftelsestilsynet heldt i 2014 fram arbeidet som var starta med tilsyn med landets største stiftelsar. Dette er eit overordna tilsyn der fokuset er å sjå på korleis desse stiftelsane blir drivne, og korleis dei forvaltar sine formuar. Det er Stiftelsestilsynets oppfatning at dei fleste av desse stiftelsane blir drivne godt, og at kapitalen blir forvalta på ein god måte. Enkeltstiftelsar vil her bli følgde nærare opp der vi finn dette nødvendig.

Registrerte

7 311 stiftelsar (-127)

For lite kunnskap om stiftelsesforma ved konkursar

Stiftelsestilsynet gjekk i 2014 gjennom samtlige konkursinnberetningar for åra 2003 til 2013 der stiftelsar gjekk konkurs. Målet med arbeidet var å avklare om det er trong for særleg rettleiing til bustyrar ved handsaming av konkursar i stiftelsar.

Resultatet frå undersøkinga indikerer at bustyrar har låg kunnskap og bevisstheit kring stiftelsesforma og særpreget denne har. Konsekvensen av manglande kunnskap er at sentrale bestemmelsar blir oversett, moglege straffbare forhold er ikkje rapportert og moglege erstatningskrav er oversett.



Følgjene av dette er at kreditorane i visse tilfelle kan få redusert sine utbetalingar som følge av manglande tilbakeføring til buet.

Samla sett viser undersøkinga at det er behov for eit målretta informasjonsarbeid mot bustyrarane om særlege forhold knytt til stiftelsar. Informasjon som ligg ute på Konkursrådet si nettside inneheld også faktiske feil. I 2015 vil vi ta kontakt med Konkursrådet for å etablere eit samarbeid om informasjon ut mot bustyrarar. Det vil vere nyttig å gjennomføre ei liknande undersøking om nokre år for å sjå om situasjonen har betra seg.

Forsvarleg kapitalforvaltning – stiftelseslova § 18

Stiftelsestilsynet hadde i 2014 ein gjennomgang av eigedomar der stiftelsar er eigar utan å ha tinglyst grunnboksheimel. For å finne ut kva for stiftelsar dette gjeld, har vi samanlikna opplysningar frå stiftelsane sin årsrekneskap med opplysningar frå grunnboka.

Undersøkinga viser at relativt mange stiftelsar ikkje syter for å få tinglyst heimel eller på annan måte sikrar rettsvern for eigarskapen til eigedomar dei har. Dette er problematisk i høve stiftelseslova §18 og kravet til forsvarleg kapitalforvaltning. Manglande tinglysing gir risiko både for dobbeltsal og for at tidlegare eigar sine kreditorar, som er i aktsam god tru, kan ta utlegg i eigedomen. Vi har løpande oppfølging av dei aktuelle stiftelsane.




Målretta tilsyn og informasjonsarbeid verkar

Stiftelsestilsynet vurderte i 2014 om tilsynsarbeidet vårt har ein effekt. Slike målingar er i utgangspunktet vanskelege å gjere fordi vi ikkje veit korleis situasjonen ville ha vore utan tilsynsarbeidet vårt.

Vi plukka difor ut nokre område som vi har hatt særleg fokus på, og der vi samanlikna status no med status i 2009. Vi vil her særleg trekkje fram to område der tilsynsarbeidet, etter vår vurdering, har hatt ein effekt. Det første er det måleretta tilsynsarbeidet vi har hatt mot dei største stiftelsane dei siste åra (sjå artikkel om tilsynsarbeidet). Desse tilsyna er ein god møteplass der stiftelsane kan få svar og rettleiing knytt til utfordringar dei har, og der vi får eit godt innsyn i stiftelsane si drift. Dette gjer at vi får avklara eventuelle misforståingar og korrigerer kursen der det er behov for det - utan at tilsynet og stiftelsane må handsame dette som store og ressurskrevjande tilsynssaker.

Eit anna døme er at talet på stiftelsar som ikkje leverer rekneskap er gått betydeleg ned. Dels skuldast dette at det er avvikla mange små «sovande» stiftelsar. Men det er også klart at vårt målretta arbeid mot dei stiftelsane som ikkje leverer rekneskap har vore effektivt.

Stiftelsestilsynet har gjennom fleire år hatt stadig aukande merksemd mot informasjonsarbeid. I 2014 hadde vi ein gjennomgang der vi vurderte effekten av informasjonsarbeidet vårt. Gjennomgangen viser at vi gjennomgåande har fått betre kvalitet på søknadene våre, kvaliteten på inngåande revisorbrev er blitt betre, og vi får færre søknader som openbert vil få avslag. Samla sett er det vår vurdering at informasjonsarbeid gir god effekt både i tilsyns- og forvaltningsarbeidet vårt.



Meir effektiv sakshandsaming

Forvaltningsarbeidet i Stiftelsestilsynet har i 2014 særleg vore retta mot effektiv sakshandsaming og god kvalitet. Forvaltningsområdet hadde seks årsverk, av dette tre juristar.

Forvaltningsområdet omfattar sakshandsaming av alle ordinære forvaltningssaker i Stiftelsestilsynet. I hovudsak vil det seie søknader om nyregistrering, kapitalendring, vedtektsendring, samanslåing, deling og oppheving av stiftelsar. I tillegg omfattar det omdanning av private beslagsforbod etter dekningslova kapittel 3, og bandlagd pliktdelsarv etter arvelova § 32.

Ei omorganisering i 2014 resulterte i at forvaltningsområdet vart tilført saksansvaret for søknader etter stiftelseslova § 55 og etter samvirkelova. Forvaltningsområdet har også ansvaret for klagehandsaminga for desse sakene, der Nærings- og fiskeridepartementet var klageinstans i 2014.

Ein viss nedgang i talet på saker

Talet på innkomne forvaltningssaker i 2014 var lågare enn året før - ca. 1600 mot 1900. Talet på nyregistreringar er redusert med 23 prosent (37 saker), vedtektsendringar med sju prosent (50 saker) og samanslåingar med 28 prosent (16 saker). Vi ser også ein reduksjon på 20 prosent (54 saker) i talet på opphevingar.

Nedgangen i saker om nyregistrering ligg innanfor normale svingingar, medan nedgangen i vedtektsendringar skuldast at det i 2013 vart gjennomført eit prosjekt knytt til digitalt lesbare vedtekter som genererte ekstra saker.

For samanslåingssakene kan reduksjonen forklarast med at ni av sakene i 2013 vart avslåtte eller avviste (mot ei sak i 2014). Talet for 2014 er difor meir reelt. Reduksjonen i opphevingssaker kan forklarast med at det etter kvart er færre små stiftelsar, og dermed færre aktuelle opphevingar.

Held jamt over fristane

Måla for sakshandsaminga i 2014 har vore at alle dokument skal svarast på innan ein månad. For saker som gjeld nyregistrering er svarfristen ei veke. Vi har jamt over halde desse svarfristane. Den reelle sakshandsamingstida vil i mange saker vere lenger enn ein månad fordi vi må innhente tilleggskommentasjon før vi kan fatte vedtak. Normal svarfrist for stiftelsen er fire veker, men ofte blir fristen forlenga etter ønske frå søkjar. Det gjeld typisk i saker om vedtektsendring, oppheving og samanslåing.

Milepælar 2014

- Mars** - Kontaktskjema tilgjengeleg på nettsida
- Mai** - Nordisk møte på myndighetsnivå på Gardermoen
- Oktober** - Rapport frå temakontrollen
- November** - Dagsseminar for boligstiftelsar på Gardermoen
- Desember** - Ferdigstilt strategi for utvikling av Stiftelsesregisteret

Forvaltningssaker
1 600

Redusert med
16 prosent

Temakontroll med bustadstiftelsar

Stiftelsestilsynet gjennomførte i 2014 eit tilsyn med forvaltning og styring av stiftelsar som driv med utleige av bustader. Temakontrollen omfatta 180 stiftelsar med minst 20 bueiningar, som blir leigde ut til bestemte grupper leigetakarar.

Eitt av hovudfunna i undersøkinga var at fleire stiftelsar tilsynelatande ikkje er klar over at å ta ei husleige som er lågare enn marknadsleige inneber ei utdeling frå stiftelsen, jf. stiftelseslova § 19. Dette medfører etter vår vurdering ein risiko for at utdelingsnivået kan bli sett uforsvarlig høgt i høve til behovet for å ta vare på realverdien i bustadmassen.

Eit anna sentralt funn er at ein del stiftelsar har teknisk forsvarleg stand (dagens minste standard) som siktemål for vedlikehaldsarbeidet. Samstundes betaler leigetakarane sterkt rabbert husleige, og stiftelsen byggjer ikkje tilstrekkelege reservar for vedlikehald i framtida. I den grad dette er ein medviten strategi frå styret i dei aktuelle stiftelsane, kan det hende dei her har valt å balansere på kanten av kva som kan seiast å vere forsvarleg.

Temaundersøkinga gav også fleire positive funn. Det gjeld for eksempel at dei fleste stiftelsane i undersøkinga på relevant grunnlag har utarbeidd vedlikehaldsplan for hele eigedomsmassen, og at dei etterlever denne. Undersøkinga viser også at over 70 prosent av bustadstiftelsane byggjer opp økonomiske reservar for å møte kostnader til nødvendig vedlikehald og fornying. Dette fortel at mange bustadstiftelsar arbeider planmessig og systematisk for å realisere formålet.

På bakgrunn av funna i temaundersøkinga har Stiftelsestilsynet utarbeidd nokre generelle tilrådingar for forvaltning og styring av bustadstiftelsar. I etterkant av rapporten vart det også arrangert ein dagskonferanse for bustadstiftelsar med 100 deltakarar på Gardermoen. Tilbakemeldingar vi der fekk på undersøkinga og rapporten var gode.

Gjennomgang av klagesaker

Stiftelsestilsynet gjekk i 2014 gjennom samtlege klagesaker frå 2012 og 2013.

Ved gjennomgangen såg vi på samla tal klagesaker, talet på omgjorde klagesaker og omgjeringss grunn.

Gjennomgangen viste at klageprosenten er 2,18 på handsama saker i perioden. Av klagesakene er 45 prosent knytte opp mot ilegging av årsavgift. Elles er oppheving og vedtektsendring dei andre store klagekategoriane, noko som gjenspeglar at dette også er dei største sakskategoriane våre.

Generelt er det få klagesaker som blir omgjorde, og omgjering blir oftast gjort av Stiftelsestilsynet. Det er berre fire saker som vart omgjorde av klageinstansen i den aktuelle perioden.

Gjennomgangen viser at det oftast er dei meir skjønnsprege sakene som blir omgjorde. Dei fleste omgjeringane kjem som følgje av at stiftelsen sender inn ny dokumentasjon i klageomgangen. Gjennomgangen tyder på at Stiftelsestilsynet ikkje gjentek feil som fører til omgjering. Det kan vere grunn til å diskutere om styresmaktene i forskrift om årsavgift burde ha presisert kva som er klagegrunnlag, og kva som ikkje er det.

Mest klager på endring og oppheving

Talet på klagesaker i 2014 var 31, som er ein reduksjon på to saker frå 2013. Hovudmengda av klagesaker gjeld avslag på søknad om vedtektsendring og oppheving. I 2014 utarbeidde vi eit praksisnotat i samanslåingssakene, og det har gjort at kvaliteten på søknader og sakshandsamingstida er forbetra.

Av større forvaltningssaker i 2014 kan nemnast vedtektsendring for Stiftelsen Diakonissehuset Lovisenberg, samanslåing av Norsk Designråd og Stiftelsen Norsk Form, forutan samanslåing av Hans Rasmus Astrups Stiftelse og Stiftelsen Astrup Fearnley. I 2014 utarbeidde vi eit kontaktskjema på nettsidene våre der brukarane våre kan sende inn spørsmål til Stiftelsestilsynet og få svar innan påfølgjande arbeidsdag. Denne tenesta er blitt mykje brukt, og vi meiner dette er med på å auke kvaliteten på innkomne søknader.

Satsing på digitalisering

Lotteri- og stiftelsestilsynet har prioritert arbeidet med digitalisering høgt og har bakt dette inn i strategi og årsplanar. Vi har organisert arbeidet gjennom ei ressursgruppe av leiarar, som har fått ansvaret for å følgje opp satsinga på tvers i organisasjonen.

Nytt lotteriregister

Vårt hovudprosjekt i 2014 var å utvikle eit nytt lotteriregister. Det gamle registeret var utvikla i 2002 og teknologien, lotterimarknaden og sakshandsamingssystema har endra seg mykje. For å heve registerkvaliteten, og satse vidare på kunnskapsbygging og digitalisering, trengte vi ei ny registerplattform. I tillegg hadde vi behov for å få registerfunksjonar som var meir tilpassa dei behova som vi har i dag. Registeret vart sett i drift i oktober.

Fleire tiltak i 2014

I 2014 gjennomførte vi ni tiltak. Vi prioriterte desse tiltaka for å oppnå betre brukaropplevingar og raskare sakshandsamingstid. Eitt av tiltaka var å utvikle og forenkle e-skjema på lotteriområdet.

Andre tiltak vi har jobba med:

- Digitalisering av korrespondansen mellom Brønnøysundregistrene og Stiftelsestilsynet.
- Vi har utgreidd og planlagt korleis vi skal jobbe med digitalisering i strategiperioden for å få til automatisk sakshandsaming og digital sjølvbetjening.
- Vi lagde ein strategi for korleis vi skal utvide og forbetre publikumsdelen av registera våre. Dette vil gje ein gevinst for publikum, det vil føre til betre tilsyn, forvaltning og service – i tillegg til at det kan bli færre spørsmål og krav om innsyn.

God start med nytt kontaktskjema

I mars 2014 starta Stiftelsestilsynet med kontaktskjema der publikum via nettsida vår kan kontakte oss for å få svar på spørsmål. Målet er å gi rask og god tilbakemelding innan ca. eit døgn.

I 2014 fekk vi 481 spørsmål via kontaktskjema og vi forventar ein auke i 2015. Våre sakshandsamarar fekk færre inngåande telefonsamtalar og spørsmål via postmottak.

To nye nettsider

Vi har i 2014 gitt teknisk støtte til utvikling av ny nettside for sekretariatet for to klagenemnder – Lotterinemnda og Frivillighetsregisternemnda. Den nye nettstaden heiter klagesaker.no. Sidene er mobiltilpassa, gir brukarane lett oversikt over saksstatus og innhald i klagesakene, mellom anna gjennom tilgang til klagenemndene sine postlister.

Sommaren 2014 fekk vi også på plass ny nettside for Hjelpelinja for speleavhengige – i samsvar med krav til universell utforming og i responsiv design tilpassa mobiltelefon og nettbrett. Hjelpelinja er eit tilbod som hjelper menneske i krise og med problem dei har fått både ved pengespel og dataspel.

Interne dataverktøy

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i 2014 oppgradert sak/arkivsystemet 360. Vi har også oppgradert Microsoft Office, Sharepoint og operativsystem. Måla har vore å betre tryggleiken og effektiviteten internt i organisasjonen. På økonomiområdet har vi i 2014 teke i bruk Agresso budsjettplanleggar for budsjettering, prognosar og økonomisk planlegging.

Felles for alle tiltaka er at vi vil måle effekten av tiltaka og justere kursen vidare.




Evaluering av kommunikasjon

Stadig fleire besøkjer vår nettstad. Det viser statistikken for dei fem siste åra. Nettsida er hovudgata inn til Lotteri- og stiftelsestilsynet og vi arbeider dagleg for at den skal vere mest mogeleg brukarvenleg.

Trafikk på nettsider

Stadig fleire besøkjer vår nettstad. I tråd med brukarvaner generelt, finn brukarane oss først og fremst via ein søkemotor. Direkte besøk på nettstaden blir stadig færre.

Henvisningstrafikken er stabil, men vi ser at det er ei auke i besøk frå sosiale media etter at vi tok det i bruk i 2011.



Evaluering av nettsida

Difi gjennomførte ikkje kvalitetsvurderingar av offentlege nettstader i 2014, så vi deltok difor i *Farmandprisen 2014 – beste nettstad* for å få ei ekstern kvalitativ evaluering av nettstaden vår. Fagjuryen kjem med positive tilbakemeldingar, men har og nokre forslag til forbetringar. Det gjeld mellom anna at vi brukar nynorsk som førstespråk og at brukaren må velje bokmål fleire gonger om han ønskjer å lese alt på bokmål.

Alt i alt er fagjuryen begeistra over framsida, korleis vi skriv, korleis vi presenterar både faginnhald og oss sjølve, vår bruk av sosiale medium og våre lågterskel-videoar. Dei meiner nettsida er stilrein, oversiktleg, tydeleg, funksjonell, gjennomarbeidd og nyttig. Den reflekterer også på ein god måte Lotteri- og stiftelsestilsynets formål og arbeidsoppgåver.



Vi har vurdert alle tilbakemeldingane nøye og tek dei med oss vidare i utviklinga av nettstaden i 2015.

Oppslag i media

Media er interessert i alle våre fagområde, noko som viser att på mediestatistikken. Sjølv om vi hadde ein nedgang i tal artiklar i 2014 i høve til året før, så ligg vi høgt om vi samanliknar med åra 2010 – 2012. Det var særleg pengespel journalistane var interessert i, men også momskompensasjonsordninga genererte mange medieoppslag.


Omdømmemåling

TNS Gallup gjorde i november 2014 ei enkel omdømmemåling av offentlege etatar. Målgruppa for undersøkinga var den norske befolkning og undersøkinga vart gjennomført på TNS Gallups internettpanel.

Hovudfunnet var at Lotteri- og stiftelsestilsynets omdømme i 2014 var omtrent på same nivå som i 2013, med ein liten auke frå 34 til 37 poeng. Samanlikna med alle dei 34 offentlege verksemdene som var inkludert i studien, låg Lotteri- og stiftelsestilsynet litt over midtsjiktet som nummer 12. Blant hovudfunna elles var at Lotteri- og stiftelsestilsynet scorar klart best på spørsmålet om tillit. Heile 70 prosent av dei om lag 250 respondentane uttrykte høg tillit til tilsynet. Oppsummert er vi likevel i ein mellomkategori mellom svakt og godt omdømme. TNS Gallup karakteriserer omdømmet vårt som greitt nok, men peikar på at det lett kan bli svekka av negativ merksemd.

Evaluering av årsrapport og årsmelding

Vi deltok også i *Farmandprisen 2014 – beste årsrapport* med det som i 2014 var ein formell årsrapport og ei meir uformell årsmelding. Fagjuryen gav oss pluss for tydeleg rapportering av mål og måloppnåing, solide kommentarar knytt til årsrekneskap og lesarvennleg rapport. Minus var at årsmeldinga og årsrapporten ikkje var betre integrert. Tilbakemeldingane er vurdert og har påverka årets arbeid, der vi har slått saman det som tidlegare var to publikasjonar til ein.





Styring og kontroll i verksemda

Her følgjer Lotteri- og stiftelsestilsynet si overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda. Vi nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp. Samla måloppnåing er god, som det går fram av omtalen av fagområda.

Tildelingsbrevet dannar grunnlaget for avdelingane sine årsplanar. Modellen som blir nytta for plan og oppfølging er eit elektronisk system for verksemdsplanlegging. Tiltak og tiltaksansvarlege blir følgt opp løpande gjennom året av leiarane, og det blir rapportert i leiarmøte.

På dei to årlege etatsstyringsmøta med departementet blir det rapportert på status fag og økonomi, og større saker blir drøfta. Fagtilsyna utarbeider årlege tilsynsplanar basert på ein felles tilsynsmetodikk. Risiko og vesentlegheit dannar grunnlaget for prioriteringane i tilsynsarbeidet.

Arbeid med internkontroll

Det er blitt jobba mykje med implementering av betre internkontroll i 2014. DFØ sitt metodehefte er lagt til grunn for arbeidet. Hovudfokuset så langt har vore å finne den «raude tråden»/samanhengen mellom risiko og vesentlegheit, plan og oppfølging, kvalitetsdokumentasjon og kontroll- og avvikssystem.

Implementering og utøving av internkontroll er eit linjeansvar i organisasjonen, og vi har brukt ein del ressursar på å finne ei felles plattform og rett nivå. Ein del av internkontrollarbeidet er på eit overordna og organisasjonsovergrepande nivå, og dette blir koordinert av administrasjonen. Internkontroll skal omfatte alle områder som t.d. fag og administrasjon generelt.

Sjølv om mykje er kome på plass, er det også ein del som gjenstår før Lotteri- og stiftelsestilsynet har eit fullt ut implementert system for internkontroll i heile verksemda. Eitt av dei områda det blir jobba vidare med, er metode og systemløysing for risikovurdering. Vi har nytta risikovurdering lenge, men har den seinare tida jobba med å forbetre system og metode. I 2014 har vi prøvt ut eit verktøy som vi, i samråd med departementet, ser ikkje dekkjer alle behov.

Mål om heilskapleg styring

Ei fullgod løysing for risikovurdering må vere godt integrert med resten av styringa i verksemda, og verktøyet som blir nytta må også eigne seg for bruk i styringsdialogen med departementet. Lotteri- og stiftelsestilsynet har i sin strategiplan eit mål om heilskapleg styring, og arbeidet med internkontroll er ein viktig del av dette.

Den overordna risikovurderinga som leiinga gjennomfører årleg, viser at risikobiletet gjennomgåande ikkje er kritisk. Vurderinga blir nytta i styringsdialogmøta, og det er ikkje gjennom 2014 påvist enkeltområde som krev strakstiltak for å handtere risiko.

Det er ikkje påvist manglar ved internkontroll knytt til økonomifunksjonar, eller flyten mellom fagavdelingane si sakshandsaming og administrasjonen si handtering av fakturering og utbetaling. Riksrevisjonen har så langt ikkje hatt merknader som krev korrigierende tiltak.

HMT/Arbeidsmiljø

Lotteri- og stiftelsestilsynet gjennomførte i 2014 ei større omorganisering. Tilsette, tillitsvalde og leiargruppa var tett involvert i heile prosessen fram til omorganisering vart gjennomført 1. juni 2014.

Før jul gjennomførte vi også ei medarbeidarundersøking med fokus på gjennomførte endringar, og vi har etter det gjort korrigierende tiltak. Omorganiseringa skal evaluerast hausten 2015.

Vi styrka i 2014 partssamarbeidet ved å ha regelmessige møte kvar 14. dag. Både arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane ser det som viktig å ha faste møtepunkt der aktuelle saker kan drøftast.

I desember arrangerte vi personalsamling med både fagleg og sosialt innhald, med vekt på kulturbygging som er eit viktig ledd i heilskapen kring omorganisering.

Bedriftshelseteneste er også ein viktig del av HMT/arbeidsmiljøet i Lotteri- og stiftelsestilsynet. I 2014 har vi hatt merksemd retta mot systematisk HMT-arbeid, ergonomi og livsstil (helsekontroll, fokus på livsstil og individuell kost- og treningsrettlegging).



Informasjon og dialog

Alle tilsette har fått tilbod om medarbeidersamtale, alle avdelingar har jamlege avdelingsmøte, og det er gjennomført fleire informasjons- og dialogmøte for heile organisasjonen.

Avdelingane utarbeider årlege kompetanseplanar som omfattar både interne og eksterne tiltak. Nokre kompetansetiltak blir gjennomførte for heile organisasjonen, t.d. temadagar om forvaltnings- og offentlegheitslova og jamlege tematisar med ulikt fagleg innhald.

I 2014/2015 har vi ein tilsett som hospiterer ved Europakomisjonens hospitantordning (NEPT - National Experts on Professional Training) i Brussel.

For å heve kompetanse innan prosjektgjennomføring, har vi i 2014 utarbeidd prosjekthandbok (metodikk) for organisasjonen, og dei tilsette har fått opplæring for å ha ein felles ståstad i prosjektarbeid.

Budsjettplanlegging

Lotteri- og stiftelsestilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet. Ny standard kontoplan vart innført frå 1.1.2012. Den er no innarbeidd i verksemda.

Frå 2014, og med verknad frå 2015, har tilsynet innført Agresso planleggjar som budsjetteringsverktøy. Budsjettet er med ny kontoplan langt meir detaljert enn tidlegare. Så langt er erfaringane gode.

Verksemda er pilot på utvikling og innføring av nye standard økonomirapportar og nøkkeltal som Direktoratet for økonomistyring (DFØ) utviklar. Prosjektet vart starta for vårt vedkomande i 2014 og held fram i 2015.

Kvalitetshandbok og prosjektmetodikk

I arbeidet med intern kontroll har arbeidet med å samle og strukturere styrande dokument stått sentralt. Det er etablert eit område på Intranett kalla *kvalitetshandboka*. Denne strukturerer alle styrande dokument for verksemda generelt, og for avdelingane spesifikt. Området har funksjonar for versjonshandtering. Alle avdelingar har eigarskap til eigne rutinar på dette området. Vidare arbeid med kvalitetshandboka held fram, og er ein kontinuerleg prosess. Hovudinstruks og tildelingsbrev frå departementet er sentrale styrande eksterne dokument i kvalitetshandboka.

I året som gjekk har tilsynet utarbeidd ny intern instruks. Fullmakter og delegasjonsreglement er revidert i tråd med ny organisasjonsmodell gjeldande frå juni 2014.

Tilsynet har ein god del større prosjekt. Vi har erfart at det trengst eit felles metodesett, mellom anna for både å sikre god rolleavklaring og leiinga si involvering i dei rette fasane av eit prosjekt. For å sikre kvalitet og effektivitet ved gjennomføring av prosjekt, har Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2014 utarbeidd eit felles metodesett for prosjektstyring. Det utarbeidd metodesettet inngår i kvalitets-handboka.

Særskilt rapport til departementet

Tidstjuvar

Lotteri- og stiftelsestilsynet har meldt inn framlegg til tiltak som andre offentlege organ kan gjere noko med, og som kan effektivisere vår verksemd. Her har vi mellom anna peika på:

- Behov for samordning av digitale løysingar i staten.
- Behov for betre kommunikasjonsflyt mellom offentlege register.
- Moglegheiter for forenkling av enkelte søknadsprosedyrar på lotteriområdet.
- Forenkling av prosedyrane ved anbod, jamfør lov om offentlege innkjøp.
- Fordelar ved å redusere omfanget av fellesføringer i tildelingsbrev.
- Behov for revisjon av stiftelseslova.

Vidare har tilsynet vurdert ei rekkje interne tiltak, og nokre tiltak blir det arbeidd konkret med, til dømes: Møtekultur, reiseaktivitet og prosjektstyring. Verksemda er ikkje ferdig med dei interne prosessane som skal leie fram til ein konkret handlingsplan mot interne tidstjuvar. Leiinga og IDF held fram med dette arbeidet i 2015.

Likestilling

Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeider for å fremje likestilling i samsvar med likestillingslova. Vi har tre mål med tilhøyrande tiltak for arbeidet med likestilling.

Gjennomsnittleg alder i tilsynet er 45 år. Sjukefråværet i 2014 var 4,5 prosent og dermed uendra frå året før.

Ytre miljø

Strategi for oppfølging av Grøn stat vart vedteke i 2006. Etter den tid har vi lagt vekt på å nytte videokonferansar eller nettmøte der slik arbeidsmåte er mogeleg – for dei delar av organisasjonen dette høver for.

Vi har dei seinare åra greidd å redusere papirforbruket i høve til tidlegare. Etter flytting til nytt bygg i 2010 ser vi at kontora ikkje fyller seg med papir på same måte som før. Vi har hatt tiltak på skrivarløysing, bruk av fleire skjermar for sakshandsamarane og berbart IT-utstyr.

Mål for likestilling	Tiltak
Balanse mellom kvinner og menn i organisasjonen	• Oppmoding om at det underrepresenterte kjønn søker på utlyste stillingar. • Vurdere kjønnsbalansen i samband med innstilling og tilsetjing.
Lik utvikling i løn mellom kvinner og menn	• Leggje vekt på lik utvikling i lønsmassen for kvinner og menn ved lønsforhandlingar. • Ta med personar som er ute i svangerskaps- og omsorgspermisjon under lokale lønsforhandlingar.
Leggje tilhøva til rette for småbarnsforeldre	• Ordning med heimekontor/breiband for stillingar der det er praktisk mogeleg. • Alle tilsette som er i svangerskaps- eller omsorgspermisjon får tilbod om å disponere berbar PC i permisjonstida. • Tilbod om at tilsette som har svangerskaps- eller omsorgspermisjon får vere med på ulike fellessamlingar.

Fordeling kjønn:

	Totalt		Leiarstillingar*		Andre stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling – alle tilsette (i prosent)	55	45	57	43	54	46
Kjønnsfordeling – heiltidstilsette (i prosent)	55	45	57	43	54	46
Kjønnsfordeling – deltidstilsette (i prosent)	-	-	-	-	-	-
Gjennomsnittsløn – faste stillingar (i 1 000 kr)	610	814	745	801	474	557

*) Løn gjeld avdelingsleiarane. Direktøren er ikkje med her.

Vurdering av framtida

Lotteri- og stiftelsestilsynet vil også i framtida utføre samfunnsoppdraget på ein effektiv måte og med god kvalitet i takt med styringssignal. Vi vil også gjere kvardagen enklare for brukarane våre.

Våre strategiske mål er difor å sikre at ein større del av ressursane våre blir brukt til tiltak som er direkte brukarretta. Digitalisering i vid forstand blir viktig for å gjere tenestene våre lettare tilgjengelege for brukarar og publikum, men også for å oppnå intern og ekstern effektivisering. Vi arbeider kontinuerleg med å identifisere og fjerne tidstjuvar både for oss og andre.

Formidle kunnskap

Vi vil også i større grad enn tidlegare gi samfunnet auka kunnskap om våre fagområde basert på våre kjelder. Vi skal strukturere, bearbeide og formidle kunnskapen på ein enkel og tilpassa måte, og sjå trendar og analysere eigne data opp i mot det som skjer i samfunnet.

Å bidra til større kunnskap om stiftelsessektoren er eit døme på dette. Vi har fått politiske signal om at dagens regjering ønskjer å utvikle stiftelsesforma. Tradisjonelt er dette ein sektor som har vore lite open for ålmenta. Det å få synleggjort sektoren sitt store samfunnsbidrag er viktig. Det same gjeld vidare utvikling av stiftelsesforma, der vi ønskjer å kartleggje både moglegheiter og hindringar.

Trykket på lotteri redusert

I Lotteritilsynet ser vi at auken i utdeling av momskompensasjon kan vere ein medverkande årsak til at trykket på lotterimarknaden er redusert. Likevel er behovet for frie, føreseielege midlar stort i dei fleste av landets mange frivillige organisasjonar. Styresmaktene si utfordring framover er å fordele desse midlane rettferdig og forståeleg for den frivillige sektoren.

Det er utfordrande å fordele midlane i tråd med EØS-regelverket om statsstøtte, utan at søknadsprosessen, sakshandsaminga eller etterkontrollen blir for ressurskrevjande. Det er også krevjande i ei tid med store endringar å sikre ei samfunnsmessig forsvarleg fordeling av midlane på lotteri- og pengespelområdet.

Vi ser eit behov for å samordne, forenkle og effektivisere dei ulike statlege tilskotsordningane til sektoren, både med omsyn til regelverk, søknadsprosess og fristar. Frivillighetsregisteret bør ryddast og vidareutviklast slik at registeret i større grad kjem til nytte.

Teknologien utfordrar

Den teknologiske utviklinga i pengespelmarknaden gir oss mange store utfordringar. Ei av dei er marknadsføring av utanlandske spelselskap i ulike medieplattformer, der vi manglar heimlar til å stoppe den.

42 prosent av alle nordmenn vi spurde i ei undersøking i 2014 trur at utanlandske pengespelselskap har lov til å tilby nettspel til nordmenn. 20 prosent var usikre. Det viser kor stor utfordringa er. Likevel oppnådde vi gode resultat gjennom dialog og informasjon i 2014. Dette arbeidet vil vi halde fram med i 2015.

Ny strategi

I arbeidet med ny strategi for perioden 2015 til 2020, har vi lagt vekt på korleis vi framover kan gjere jobben vår på best mogleg måte og i takt med nye krav og forventningar. Vi har difor landa på desse strategiske måla:

- Brukarvenleg sjølvbetjening.
- Auka produksjon av kunnskap og formidling på våre fagområde.
- Meir tilsyn gjennom fornying og effektivisering.
- Ein attraktiv arbeidsplass med kultur for endring.
- Heilskapleg styring.

Dette er mål som vil kjenneteikne alt arbeid i Lotteri- og stiftelsestilsynet i åra framover.





Årsrekneskap - leinga sin kommentar

Formål

Lotteritilsynet vart oppretta i 2001 og utvida til å omfatte Stiftelsestilsynet i 2005. Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kulturdepartementet, og er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet. Tilsynet er statens fagorgan på områda lotteri og pengespel, stiftelsar, meirverdiavgiftkompensasjon (momskompensasjon) til frivillige organisasjonar og tilsyn med Grasrotordninga. Dei primære målgruppene for tilsynet er frivillige organisasjonar og stiftelsar.

I del II i årsrapporten er det gitt ein kort introduksjon til tilsynet og nokre hovudtal for verksemda.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt i tråd med bestemmelsane om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilete av tilsynet sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.

Vurderingar av vesentlege forhold

I 2014 har Lotteri- og stiftelsestilsynet disponert løyvingar på utgiftssida på til saman kr 1 383 539 000. Kr 1 306 985 000 av tildelingane gjeld ordningane for momskompensasjon.

Forbruk er i tråd med plan og budsjett. Vi har halde att noko på forbruket for å ha ein buffer som er høveleg stor ut i frå forventa driftsramme framover. Dette gir eit netto mindreforbruk som er søkt overført, jf. rekneskapsførte utgifter i oppstillinga av bevilgningsrapporteringa. Som det går fram av note B søker tilsynet om å få overføre kr 3 345 000 av tildelte midlar på post 01 (5-prosenten), og kr 1 503 000 på post 21 med henvisning til stikkordet «kan overførast».

Av rapporterte utgifter til drift og investeringar kr 74 447 715, gjekk kr 44 810 993 til løn og sosiale utgifter, jf. note 2. Lønsdelen av driftsutgiftene var 60,2 prosent.

Som vist i figuren under har lønsdelen auka dei siste fem år. Varer og tenester har lagt relativt stabilt dei siste fire år. Vi låg noko høgare på varer og tenester i 2010 fordi vi då flytta til nytt bygg og hadde utgifter til møblar og utstyr. Samla driftsutgifter har auka dei siste fem år, men kurva har flata ut dei siste par år (tala er ikkje indeksjusterte).

Lotteri- og stiftelsestilsynet er finansiert gjennom avgifter, gebyr og refusjonar. Budsjettkravet for 2014 er innfridd. Dei største inntektskomponentane går fram av figuren under (tala er ikkje indeksjustert).

Siste femårsperiode er refusjonsbeløpet frå Norsk Tipping redusert, medan samla innbetalt årsavgift frå stiftelsane har auka. Dette har vore nødvendig for at utgifter og inntekter for kvart av fagtilsyna våre skal balansere.



Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er revisor og skal stadfeste årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d. men revisjonsberetninga er venta å vere klar i løpet av andre kvartal 2015.

Førde, februar 2015

Atle Hamar
direktør

Lotteri- og stiftelsestilsynet



Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet er utarbeidd og avlagt etter nærmare retningslinjer fastsett i bestemmelsar om økonomistyring i staten («bestemmelsane»), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 18. september 2013. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i bestemmelsane punkt 3.4.1, nærmare bestemmelser i Finansdepartementets rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsett av eige departement.

Oppstillinga av bevilgningsrapporteringa omfattar ein øvre del med bevilgningsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassa.

Oppstillinga av bevilgningsrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmelsane punkt 3.4.2. – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

Rekneskapen følgjer kalenderåret

- a) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- b) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av bevilgnings- og artskontorapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i bestemmelsane punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytte til statens konsernkontoordning i Norges Bank i samsvar med krav i bestemmelsane pkt. 3.8.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemder) vert ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved slutten av året vert saldoen nullstilt på den einskilde oppgjerskontoen ved overgang til nytt år.

Bevilgningsrapporteringa

Bevilgningsrapporteringa viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Den vert stilt opp etter dei kapitell og postar i bevilgningsrekneskapen som tilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser finansielle eigedelar og forpliktelsar tilsynet står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonna samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Artskontorapporteringa

Artskontorapporteringa viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrettigheit for disponible løyvingar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og vert derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Note 7 til artskontorapporteringa viser skilnader mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa.

Bevilgningsrapport for 2014

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2014	Meirutgift (-) og mindreutgift
339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	68 188 000	67 392 458	795 543
339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	8 366 000	11 854 359	-3 488 359
315	Frivillighetsformål	70	Mva.komp. frivillige org	A	1 193 152 000	1 193 152 000	
315	Frivillighetsformål	82	Mva.komp. bygging idrettsanl	A	113 833 000	113 833 000	
Sum utgiftsført					1 383 539 000	1 386 231 817	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samlet løyving	Rekneskap 2014	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	02	Gebyr lotteri		6 918 000	7 996 924	1 078 924
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	04	Registreringsgebyr stiftelsar		267 000	270 150	3 150
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	07	Inntekter ved oppdrag	B	7 648 000	12 640 000	4 992 000
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	16	Refusjon foreldrepengar	B	0	1 095 781	1 095 781
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	17	Refusjon lærlingar	B	0	62 902	62 902
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	18	Refusjon sjukepengar	B	0	730 649	730 649
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	3 755 611	
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	71	Årsavgift stiftelsar		21 764 000	21 864 378	100 378
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	73	Ref. Norsk Tipping og Rikstoto	B	36 887 000	37 618 659	731 659
5700	Arbeidsgjevaravgift	72	Arbeidsgjevaravgift		0	5 229 323	
Sum inntektsført					73 484 000	91 264 377	

Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen						1 294 967 440
Kapitalkontoar						
60075901	Norges Bank KK /innbetalningar					86 356 759
60075902	Norges Bank KK/utbetalningar					-1 381 141 626
703803	Endring i mellomverande med statskassa					-182 573
Sum rapportert						0

Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)

Konto	Tekst				2014	2013	Endring
703803	Mellomverande med statskassa				-2 043 992	-1 861 419	-182 573

Note A Forklaring av samla løyving

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samlet løyving
33901	1 281 000	66 907 000	68 188 000
33921	718 000	7 648 000	8 366 000
31570	0	1 193 152 000	1 193 152 000
31582	0	113 833 000	113 833 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirut-gift(-)/mindreutgift	Utgiftsført av andre i hht avgitte belastnings-fullmakter	Meirut-gift(-)/mindreutgift etter avgitte belastnings-fullmakter	Standard refusjonar på inntekts-postane 15-18	Meirinntekter iht meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp berekna av verksemda
33901		795 543		795 543	1 889 332	731 659			3 416 534	3 345 350	3 345 000
33921	"kan overføres"	-3 488 359		-3 488 359	0	4 992 000			1 503 641	15 037 000	1 503 000
31570		0		0	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell		
31582		0		0	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell		

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5 % av årets løyving på driftspostane 01-29, unnateke post 24 eller sum av dei siste to års løyvingar for postar med stikkordet "kan overføres". Sjå rundskriv R-2/2013 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter**Stikkordet «kan overføres»**

Verksemda si løyving på kapittel/post 33921 er gitt med stikkordet "kan overføres". Beløpet stammar frå tildelingar gitt innanfor dei to siste budsjettår og verksemda lar beløpet inngå som en del av mogeleg overførbart beløp.

Fullmakt til å bruke standard refusjonar av lønsutgifter til å overskride utgifter

Lønsrefusjonane som er rapportert på kapittel/post 333916, 333917 og 333918 er på samla beløp kr 1 889 332. Verksemda har latt refusjonane inngå i berekninga av mogeleg overførbart beløp til neste år.

Romertalsvedtak

Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 556873, jf. St.prp 1 S (2013-2014) romertal II. Løyvinga under kapittel/post 33901 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kapittel/post 556873. Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33921, jf. St.prp 1 S (2013-2014) romertal II. Løyvinga under kapittel/post 33921 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kapittel/post 333907. Ubrukte meirinntekter kan reknast med ved utrekning av overførbare beløp.

Mogeleg overførbart beløp

Lotteri- og stiftelsestilsynet si ubrukte løyving på kapittel/post 33901 er på samla beløp kr 3 416 533. Kr 3 345 000 vert rekna som mogeleg overføring til neste budsjettår ut i frå 5 %-regelen. Beløpet som står på kapittel/post 33921 kan overføres i sin heilskap då stikkordet "kan overføres" er knytt til kapittel/posten. Beløpet inngår i berekninga av mogeleg overførbart beløp til neste år. Det er ikkje aktuelt å overføre midlar til neste år frå andre utgiftspostar då det ikkje gjenstår midlar på postane. Mogeleg overføring til neste år er ei berekning, og Lotteri- og stiftelsestilsynet får tilbakemelding frå overordna departement om endeleg beløp som vert overført til neste år.

Artskontorrapport for 2014

	Note	2014	2013
Inntekter rapportert til bevilgningsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	8 267 074	8 311 909
Andre innbetalinger	1	13 371 659	10 902 500
Sum innbetalinger		21 638 733	19 214 409

Utgifter rapportert til bevilgningsrekneskapen			
Utbetalinger til løn og sosiale utgifter	2	44 810 993	44 048 889
Offentlege refusjonar som vedkjem løn	2	-1 889 332	-1 058 053
Utbetalt til investeringar	3	1 984 656	1 468 241
Andre utbetalinger til drift	4	29 848 344	30 934 910
Utbetaling av finansutgifter	4	2 823	4 968
Sum utbetalinger		74 757 485	75 398 955

Netto rapporterte utgifter til drift og investeringar		53 118 752	56 184 546
--	--	-------------------	-------------------

Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	5	58 751 378	55 881 503
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten		58 751 378	55 881 503

Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten			
Utbetalinger av tilskot og stønader	6	1 309 585 000	1 005 612 800
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer til andre		1 309 585 000	1 005 612 800

Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel			
5700 Folketrygdens inntekter - Arbeidsgjevaravgift		5 229 323	5 231 247
5309 Tilfeldige inntekter (gruppeliv m.m)		3 755 611	491 761
Sum inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel		8 984 935	5 723 008

Netto utgifter rapportert til bevilgningsrekneskapen		1 294 967 440	1 000 192 835
---	--	----------------------	----------------------

Oversikt over mellomverande med statskassa

Eigedelar og gjeld		2014	2013
Lån til tilsette	7	7 500	78 477
Skuldig skattetrekk	7	-2 038 610	-1 905 055
Skuldig meirverdiavgift	7	-12 172	-7 894
Anna kortsiktig gjeld	7	-710	-26 946
Sum mellomverande med statskassa		-2 043 992	-1 861 419

Notar

Note 1 Inntekter rapportert til bevilgningsrekneskapen 2014

	2014	2013
Innbetalinger frå gebyr		
Gebyr lotteri	7 996 924	8 031 309
Registreringsgebyr stiftelsar	270 150	280 600
Sum innbetalinger frå gebyr	8 267 074	8 311 909
Andre innbetalinger		
Administrasjon av ordningane for mva.kompensasjon	7 648 000	7 389 000
Handlingsplan mot speleproblem	4 992 000	3 400 000
Anna inntekt	731 659	113 500
Sum andre innbetalinger	13 371 659	10 902 500
Sum inntekter rapportert til bevilgningsrekneskapen	21 638 733	19 214 409

Note 2 Utbetalinger til løn og sosiale utgifter og innbetalinger av offentlege refusjonar som vedkjem løn 2014

	2014	2013
Utbetalinger til løn og sosiale utgifter		
Løn	37 518 095	37 240 039
Arbeidsgjevaravgift	5 229 323	5 231 247
Andre ytingar	2 063 575	1 577 602
Sum utbetalinger til løn og sosiale utgifter	44 810 993	44 048 889
Offentlege refusjonar som vedkjem løn		
Sjukepengar og andre refusjonar	1 889 332	1 058 053
Sum offentlege refusjonar som vedkjem løn	1 889 332	1 058 053
Tal årsverk:	62	64

Note 3 Utbetalt til investeringar 2014

	2014	2013
Datamaskiner (serverar m.m.)	1 984 656	1 468 241
Sum utbetalt til investeringar	1 984 656	1 468 241

Note 4 Andre utbetalinger til drift og utbetaling av finansutgifter 2014

	2014	2013
Andre utbetalinger til drift		
Husleige	5 043 390	4 705 756
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	1 048 026	127 842
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	1 522 233	1 236 014
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mm.	389 285	313 584
Mindre utstyrsinnkjøp	2 544 852	1 146 811
Leige av maskiner, inventar og liknande	1 801 860	1 475 164
Konsulentar og andre kjøp av tenester frå eksterne	9 443 572	11 612 442
Reiser og diett	2 546 237	2 628 393
Porto	348 187	349 106
Mobiltelefon (bruk)	444 584	471 543
Breiband, internett	312 030	343 342
Telefoni og datakommunikasjon, samband, internett	467 917	303 089
Kurs og seminar for egne tilsette	947 560	916 562
Andre kunngjeringar	810 868	1 151 448
Trykksaker	312 233	396 698
Andre driftsutgifter	1 865 509	3 757 117
Sum andre utbetalinger til drift	29 848 344	30 934 910
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	2 823	4 968
Sum utbetaling av finansutgifter	2 823	4 968

Note 5 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten 2014

	2014	2013
Refusjon utgifter ved kontroll Norsk Tipping	34 552 000	33 764 000
Refusjon utgifter ved kontroll Norsk Rikstoto	2 335 000	2 282 000
Årsavgift stiftelsar	21 864 378	19 835 320
Renteinntekter	0	183
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	58 751 378	55 881 503

Note 6 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten 2014


	2014	2013
Mva.kompensasjon til frivillige organisasjonar	1 193 152 000	941 619 000
Mva.kompensasjon ved bygging av idrettsanlegg	113 833 000	62 543 800
Tilskot handlingsplan mot speleavhengigheit	2 600 000	1 450 000
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	1 309 585 000	1 005 612 800

Note 7 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa 2014**Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa**

		31.12.2014	31.12.2014	
		Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rapportert mellomverande med statskassa	Skilnad
Omløpsmidlar				
	Kundefordringar	684 955	0	684 955
	Lån til tilsette	7 500	7 500	0
Sum		692 455	7 500	684 955

Kortsiktig gjeld

	Skuldig skattetrekk	-2 038 610	-2 038 610	0
	Skuldig meirverdiavgift	-12 172	-12 172	0
	Anna kortsiktig gjeld	-710	-710	0
Sum		-2 051 492	-2 051 492	0
Sum		-1 359 037	-2 043 992	684 955



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00
postmottak@lottstift.no
lottstift.no

